



Sjohav gjer klart for å ta ut brislingen frå lås ved Skorpo (Foto Odd Emil Sjo)

Dette minnar om dei gode, gamle dagar då vi fekk brisling på middagsbordet, seier ein uskedeling som har vore vitne til det gode fisket på den andre sida av Skorpo og også fått nytta fangsten. Vedkommande har vore eit steinkast frå ein lås med mykje fisk.

Bra med fisk og prima kvalitet er konklusjonen etter ei veke der 5 lokale båtar har vore med. Ein av dei, Vestervik, er heimehøyrande i Uskedalen.

Kvinnheringen skriv med Sjohavskippar Odd Emil Sjo som kjelde at Halsnøybruket fekk mellom 30 og 40 tonn dei beste nettene og at det så langt er rapportert inn halvparten av totalkvota på 2200 tonn.

Sjohav står for 110 tonn av dette. Dei har fiska mellom Ånuglo og Gjermundshamn men fekk 3 dagar spolert fordi nota hamna i propellen og dei måtte innom Børnes i Uskedalen og reparera. I dag har dei vore til mottaket på Karmøy med 80 tonn.

Det er ingen tvil om at brislingfisket har teke seg betydeleg opp i dei seinare åra.

Av Ola Matti Mathisen